



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 14.06.2018
Vår ref: 17/02357-10
Deres ref:

Høring av søknad om prøveuttak for Verken i Leikanger kommune. Tiltakshavar: Gjerløw Maskin og Transport AS

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har motteke søknad om løyve til prøveuttak etter mineralloven § 12 frå Gjerløw Maskin og Transport AS. Søknaden sendes med dette på høyring i samsvar med forvaltningsloven § 17.

Høyringsfristen: 13.07.2018

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på DMF si heimeside www.dirmin.no under fana «Saker til høring». Høyringsinstansane kan få tilsendt søknaden i papirutgåve ved førespurnad.

Samandrag av søknaden

Søknaden gjeld prøveuttak av ca. 2000 m³ fast fjell på Verken på del av eigedomen gnr./bnr. 2/8 i Leikanger kommune. Området går fram på kart utarbeidd av DMF på side 1 i høyringsvedlegget.

Prøveuttaket skal skje i eit område kor det tidligare har vore uttak. All tidlegare uttak er basert på handboring og ulike metodar for splitt av stein. Ein har på bakgrunn av tidlegare uttak konstatert at steinen er eigna til tiltenkt føremål, men ein ønskjer no å vurdere om det er mogleg å få så effektiv drift i steinbrotet at det er økonomisk forsvarleg. Det skal nyttast meir effektive og maskinelle metodar.

DMF sin behandling av søknaden

Formålet med mineralloven er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

DMF sender søknadar om prøveuttak på høyring til aktuelle høyringsinstansar, jf. forvaltningsloven § 17. Etter § 12 i mineralloven skal DMF gi grunneigaren, brukaren av grunnen, fylkesmannen, fylkeskommunen og kommunen anledning til å uttale seg.

Søkaren får anledning til å kommentere innkomne fråsegn før DMF gjør vedtak.



Innkomne søknadar om prøveuttak går gjennom ei skjønnsmessig prøving hos DMF før det blir avgjort om det skal gis løyve til prøveuttak. I vurderinga av om det skal gis løyve til prøveuttak skal det leggjast vekt på om prøveuttak er nødvendig for å kunne vurdere om førekomsten kan brukast til planlagt formål. Kan dette kartleggjast på andre måtar, skal løyve normalt ikkje gis. Det skal også leggjast vekt på formålsbestemmelsene i § 1 og omsyna angitt i § 2 i mineralloven.

Løyve til prøveuttak kan ikkje gis for meir enn 2000 m³ masse unntatt i særlige tilfelle. Dersom DMF gir løyve til prøveuttak, kan det bli knytt vilkår til løyve, jf. mineralloven § 12.

DMF gjør merksam på at løyve til prøveuttak gitt etter mineralloven ikkje erstattar krav om løyve etter anna lovverk. Det er søkjaren sitt ansvar å skaffe slik løyve.

Nærare om høringsfråsegna

DMF oppfordrar høringsinstansane til å komme med grunngjeve synspunkt på om løyve til prøveuttak bør gis eller ikkje, til eksempel konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår som bør stilles, ut frå det ansvarsområdet den aktuelle instans er satt til å forvalte. Private parter kan komme med innspel ut frå konkrete forhold i den aktuelle saken. Dersom høringsinstansen er kjent med forhold som ikkje er belyst i tilstrekkelig grad i søknaden, ønsker vi opplysningar om dette.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.

Vi ber kommunen om informasjon om planstatus for området.

I nærleiken av uttaksområdet er det ifølgje naturbase registrert ein viktig naturtype: (BN00017509) Gammel boreal lauvskog. DMF ber fylkesmannen om informasjon om prøveuttaket kan påverke den viktige naturtypen.

Innsending av høringsfråsegn

Vi ber om at høringsfråsegna sendes innan fristen **13.07.2018**, på e-post til mail@dirmin.no eller med ordinær post til: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim.

Deler av høringsfråsegna kan bli sitert i vedtaket om løyve til prøveuttak skal gis eller ikkje. Dersom fråsegna er omfattande, er det derfor en fordel om det utarbeidast et samandrag som kan brukast til dette.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Marte Kristoffersen
seksjonsleder

Marit Ollestad
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Marit Ollestad

Mottakarar:

Leikanger kommune	Skrivarvegen 7	6863 LEIKANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863 LEIKANGER
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsav. 2	6863 LEIKANGER
Gjermund Høgheim	Sognefjordvegen 139	6863 LEIKANGER

Kopi til:

Gjerløw Maskin og Transport AS	Eivaldgjerde 8	6863 LEIKANGER
--------------------------------	----------------	----------------